



## Norges Fiskarlag

### Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Instebo, 454 76 360	24.09.2024

## Regulering av fisket etter lodde i Barentshavet i 2025

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde sak i sitt møte 18.-19.09.2024, og gjorde følgjande vedtak:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag krev at det blir sett inn tilstrekkeleg med ressursar frå Havforskningsinstituttet si side, slik at ein får eit mest mogeleg rett bilde av innsiget når loddad kjem inn for å gyte vinteren 2025 (fleire tokt grunna ulike innsig aust/vest).

Styret forutset at det blir opna for fiske i 2025. Det bør uansett vere eit minimumsuttak kvart år for å oppretthalde konsummarknaden.

### Kystgruppa

Styret i Sør-Norges Fiskarlag viser til pressemelding av 15.09.2024 frå Nærings- og fiskeridepartementet der dei opplyser at ein har bede Fiskeridirektoratet vurdere framtidig regulering av kystgruppa sitt fiske etter lodde i Barentshavet. Om ein ender opp med lukking av gruppa er 16.09.2024 skjæringsdato.

Styret viser til at Norges Fiskarlag over lengre tid har bede om at kystgruppa blir lukka utan at ein har fått gjennomslag. Ein meiner at lukking vil føre til at dei deltakande fartøya får ei meir forutsigbar regulering av fisket.

Per dags dato veit ein ikkje kva som blir resultatet av Fiskeridirektoratet sin gjennomgang, og om ei eventuell lukking vil bli gjeldande frå 2025. Om ikkje det blir lukking frå 2025 ber styret om at vår uttale i 2023 blir fulgt opp:

Styret meiner at det må setjast ein kvote som gjev deltakande fartøy ein rimeleg økonomi for å delta i loddefisket.

Organisasjonen har tidlegare bede om ei ordning med gebyr/depositum for påmelding/deltaking i kystgruppa, for å få oversikt over fartøy som tar sikte på å fiske lodde. Ein konstaterer at det har ein ikkje fått gjennomslag for i fiskeriforvaltinga. Sør-Norges Fiskarlag har difor hatt ei frivillig ressurs-/ arbeidsgruppe som har kome med følgjande forslag, for å få ei meir reell deltakarliste i koddefisket:

- Foreta loddtrekning (Fiskeridirektoratet) blant dei påmelde i januar 2024, ei liste
- Trekningslista vil bli lagt til grunn påfølgjande år med loddefiske, jf. havbrislingfiske
- Nye påmelde fartøy blir sett nedst på lista (loddtrekning viss det er fleire)
- Ein bør vurdere om ein skal ha differensierte kvotar t.d. største lengde; -14,99 m-100 t, 15-20,99 m-200 t og 21 m – 300 t eller h.l. -20,99 m-150 t og 21 m-300 t
- Norges Sildesalgslag administrerer kor mange som får tilbod om utsegling ut i frå totalkvote i gruppa (opprinneleg liste). Deretter ut i frå melde avbod.
- Om ein får tilbod om utsegling etter opprinneleg liste, og ikkje melder frå at ein ikkje vil delta innan ein fastsatt frist, t.d. 9 januar, blir ein suspendert frå deltakarlista i 3 år med loddefiske. Deretter blir ein sett nedst på lista
- Om ein meld frå innan fristen at ein ikkje vil delta blir ein ikkje flytta nederst på lista eller suspendert
- Om ein deltar både etter opprinneleg liste og elles blir ein flytta nedst på lista påfølgjande år, men før eventuelt nye fartøy
- Ved reelt havari kan ein ikkje nytte erstatningsfartøy. Ein blir ikkje flytta nedst på lista ved havari til neste år med loddefiske
- Siste utseglingsfrist i høve påske

Det må setjast ein frist på tilbakemelding om deltaking utover opprinneleg liste, t.d. 24 timar.

Ein ber Norge Fiskarlag vurdere ovannemnde, og sende saka på intern høyring.

### **Ringnot**

Sør-Norges Fiskarlag meiner at gruppa skal regulerast som tidlegare år der alle kan delta og at ein nyttar universalnøkkelen for utrekning av fartøykvote.

### **Trål**

Gruppa må avgrensast til fartøy på over 500m<sup>3</sup> med loddetrållatelse.

Sør-Norges Fiskarlag ser det som unødvendig med påmeldingsfrist for trålgruppa og elles regulerast som tidlegare år.

### **Kvoteyteordning i havfiskeflåten**

Sør-Norges Fiskarlag tilrår at det blir opna for kvoteyteordning i 2025 for ringnot- og trålgruppa, slik som tidlegare år. Detaljane må utformast i tett dialog mellom Fiskeridirektoratet og næringa.

### **4 nautiske mil frå grunnlinja – stenging av område mv**

Styret i Sør-Norges Fiskarlag meiner at loddefisket må kunne vere ope innafor 4 nautiske mil

så lenge det ikkje hindrar anna fiskeri, eller at det er uønska innblanding av andre fiskeslag. Kriteria for å stenge område på grunn av innblanding av torsk i loddefangstar må vurderast på nytt, slik at ein får eit meir fornuftig nivå på bifangst.

Forvaltinga må vere operativ 24/7 slik at ein effektivt kan foreta justeringar av stengte område.

Med helsing  
**Sør-Norges Fiskarlag**

**Janita Arhaug**  
Dagleg leiar

**Britt Sæle Instebo**  
Avdelingsleiar

Kopi: Nord Fiskarlag

Fiskebåt

*Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.*